



MØTEREFERAT

Referat politiråd 13.05.2025

Referent	Saksarkivnr.	Dato
Vigdis Gammelsæther	2022/3736-10	25.09.2025

Tid og stad: 13. mai 2025, Rosendal

Tilstades: Varaordfører Thea Vaage, Kommunedirektør Leif Ove Mikkelsen, Politistasjonssjef Sigurd Børve, driftsenhetsleiar i Vest politidistrikt Trond Sekkingstad, førebyggjande politikontakt Are Uppheim, Sektorleiar Oppvekst Heidi Solheim, Sektorleiar Omsorg, helse og sosial og SLT koordinator Vigdis Gammelsæther

Referent: Vigdis Gammelsæther

Saker:

Informasjon frå politiet – sjå vedlagt presentasjon. Politistasjonssjef orienterar.

- Kvinnherad har per i dag ei god vaktberedskap. Spesialisering i politiet krev justering av korleis oppgåver blir løyst. Politiet i Kvinnherad har gjennomgått ein reduksjon på 20 % stilling. Det er naturleg for politiet i Kvinnherad å søke eit tettare samarbeid med Hardanger. Politiet har per i dag lite grunnstillingar, som gjer at spesialstillingane også må gjere så kalla grunnstillingsoppgåver. Ressurs messig er dette ei utfordring grunna store geografiske avstandar og vil i aukande grad kunne bli krevjande. Politiet står ovanfor budsjettmessige utfordringar der både struktur og bemanning vil verte justert på sikt.
- For spesialstillingane kring sivil rettspleie vert det gjort ei samanslåing der dei fell under eit namnsområde i Vest politidistrikt. Dei 5 tilsette som i dag jobbar med sivil rettspleie vert organisert under Namnsfogden, men skal ha sine noverande arbeidsplassar i Kvinnherad. Dersom dei skiftar arbeid er det ingen garanti for at desse stillingane vert verande i Kvinnherad.
- Ekspedisjonen ved Kvinnherad politistasjon vert stengd tysdagar og torsdagar for å verne sakshandsamingstid. På sikt ser politistasjonssjef at det vil bli ei utfordring å drifte stasjonen dersom dei fem stillingane ikkje er øyremerkta Kvinnherad. Per i dag har Kvinnherad det sterkaste fagmiljøet innan sivil rettspleie. Med automatisert sakshandsaming vil det skje store endringar i tida frametter.
- Varaordfører Thea Vaage og kommunedirektør Leif Ove Mikkelsen understrekar viktigheita av førebygging og kor avgjerande det er at personell i politiet er stabilt. Vi har eit godt politi i kommunen, som er godt kjende og som har eit stabilt og godt samarbeid

med kommunale instansar. Oppmoding om at stabiliteten vert ivareteken framfor negative justeringar. Kommunedirektør fremjer eit ynskje om å legge til rette for fleire spesialiserte stillingar i kommunen retta inn mot tilrettelagte avhøyr av barn lokalt eller eit regionalt kompetansesenter i regionen for barnevern.

- Politistasjonssjef held fram med si orientering: Den tryggingpolitiske situasjonen treff oss særleg knytt til energistrukturar og eksportverksemd – Årdal, Boliden, Husnes og Mongstad. SKL og kraft utgjer og viktige element i vurderingar for tryggleiken i regionen.
- Det er beslutta å starte opp ei psykiatrigruppe i Vest politidistrikt som definerar inn personar innan ein viss risiko. Per no er det 13 personar som vert følgt tett av politiet da dei er vurdert å være ei fare for sine omgivnader. Det vil slik være eit apparat rundt desse personane.

Oppdatering knytt til det førebyggjande arbeidet

rus og kriminalitet:

Det er eit inntrykk i tenestene at det er eit auka misbruk. Aslaug Brende orienterar om tilskot til «trivselsvaktmester» over 4 år for å styrke kontakt med sårbare innbygarar.

Sektor oppvekst er i utforming og implementeringsfase av nye tiltak inn mot skule og barnehagar. Særleg har ein testa ut foreldremøteseriar om skjerm, gode skjermvanar og foreldresamarbeid som eit førebyggjande tiltak. Desse vert pilotert i 2025 og evaluert.

Det førebyggjande programmet vart grundig evaluert i 2024 og justeringar og nye konsept vert testa ut i 2025.

9. klasse har eigne møter om alkohol og rus saman med sine foreldre. Politiet, SLT koordinator og helsesjukepleiarar står for desse møta.

8. klasse har om delbart og foreldresamarbeid

10. klasse skal ha samtalar om rusmidlar med Utekontaktane. I utarbeiding.

Kriminalitet – SLT koordinator orienterar om at ungdomsbasane har opplevd ein del tankelaust hærverk og noko tjuveri. Skular melder også om at hærverk skjer hyppig.

Vald og overgrep

Kort oppdatering av SLT koordinator om prosjektet « E D Greitt» og ny søknadsrunde for å utvikle prosjektet. Barnevernet held i dette. Barnevernet erfarer eit auke i meldingar i etterkant av at skular og barnehagar har hatt undervisningsopplegga knytt til E D Greitt. Vi ser at dette har ein avdekkande effekt.

Trafikktryggleik - Leiv Ove gir ei orientering om arbeidet i kommunen.

Kvinnherad vart re-sertifisert som trafikktrygg kommune i februar. Godkjenningsordninga er eit organisatorisk tiltak for å systematisere og samordne arbeidet for trafikktryggleik i

kommunane. Godkjenningsordninga bidreg til å sikre at kommunen arbeidar systematisk med trafikktryggleik.

Kvinnherad kommune er nesten i mål med Kvinnheradpakken. Manglar noko i Kaldestadvegen og vegen på Halsnøy som er høgt trafikkert.

Kommunen har 2,5 millionar i årlege trafikksikringsmidlar. 1 mill til veglys. Årleg har kommunen ein pott på 10 mill til vegar og kaiar. Kommunen har tydelege mål for arbeidet og midlane vert øyremerka. Det er kommunen stolt av. Det vert gjennomført mykje godt arbeid og ulykkesbilete er justert ned.

Strekingskontroll i Folgefonnstunnelen og Halsnøytunnelen er til vurdering. Fylket dekker desse kostnadane. Politiet uttalar at dei tenkjer dette er gode stader for kontroll for å betre trafikktryggleiken i kommunen.

Dilemma for politiet er at dei skulle vore mykje meir ute på vegane. Får mykje god hjelp frå UP. Politidistriktet er prioritert.

Plan for hausten

Fortsette implementering av det førebyggjande arbeidet i kommunen.

Det vil bli helde eit førebuande politirådsmøte for å hente inn innspel frå alle dei som møter barn, ungdom, deira familiar og unge vaksne. Målet er å hente inn endringar i samfunnsbilete i Kvinnherad, utfordringar og tankar om løysingar. Desse punkta vil bli løfta inn i politiråd i desember 25.

Kopi til:

Leif Ove Mikkelsen
Thea Vaage
Vigdis Gammelsæther
Heidi Solheim
Åslaug Brænde
Vegard Bjørnevik

